



Referat

Vår ref.:
25/6674-6

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Gunn Marit Haugsbø

Dato:
09.03.2026

Referat frå SMU ved Naustdal skule 04.02.2026

Det vart kalla inn til eit kort møte i SMU for å svare ut høyring på skulerute for 2026/2027 og 2027/2028.

Synspunkt frå elevråda: Naustdal skule har elevråd for trinna 5–7 og 8–10. Elevråda var særleg positive til skulestart på ein torsdag i august, då dei meinte dette kan gi ein mjukare skulestart. Dei synest også det er positivt med skulefri enkelte fredagar. Når det gjeld skuleslutt i juni, meinte elevane at både onsdag og torsdag er greie dagar å slutte på.

Synspunkt frå FAU: FAU peika på at sommarferien kan bli noko lang, og at skulestart på ein måndag i august kan vere eit betre alternativ. Samstundes lytta FAU til elevane sine synspunkt og vurderte at dei hadde gode argument både når det gjeld skulestart i august og skuleslutt i juni. Samla sett vil ikkje dette gi lengre sommarferie enn normalt. FAU meiner det med fordel kan leggjast inn fleire fridagar før jul.

Vedtak i SMU 04.02.2026: SMU ved Naustdal skule støttar forslaga til skulerute for 2026/2027 og 2027/2028.

Referent

Gunn Marit Haugsbø
rektor